



# DEN NORSKE KYRKJA

Undheim sokneråd

## Møteprotokoll

---

**Råd:** Undheim sokneråd  
**Møtestad:** Kjellaren Undheim kyrkje  
**Dato:** 06.03.2024  
**Tid:** Kl. 19:00

---

| <b>Følgjande medlemmer møtte</b> | <b>Rolle</b> |
|----------------------------------|--------------|
| Arnfrid Bjelland                 | Medlem       |
| Hanne Brit Sandsmark             | Leiar        |
| Ivar Risa                        | Medlem       |
| Oddvar Undheim                   | Nestleiar    |
| Per Arne Undheim                 | Medlem       |

| <b>Forfall</b> | <b>Varamedlem</b> |
|----------------|-------------------|
| Tordis Sandvik |                   |

**Andre som møtte:**  
Frode Skarland  
Ragnhild Grøndal

### Sakliste

| <b>Sak nr.</b> | <b>Sakstittel</b>                           |
|----------------|---------------------------------------------|
| 010/24         | Godkjenning av innkalling                   |
| 011/24         | Godkjenning av referat frå førre møte.      |
| 012/24         | Meldingssaker                               |
| 013/24         | Vedtak om kva me gjer med overskotet i 2023 |
| 014/24         | Foreløpig årsmelding 2023                   |
| 015/24         | Prestentasjon av soknerådet til Helgedagen  |
| 016/24         | Plan for periode med vakante stillingar     |
| 017/24         | Rekneskapsrapport for 2023                  |
| 018/24         | Budsjett 2024                               |
| 019/24         | Strategi og Kirka vår                       |
| 020/24         | Revidering av diakoniplan Undheim sokn      |

### 010/24 Godkjenning av innkalling

**Forslag til vedtak:**  
Innkalling blei godkjent.

**06.03.2024 Undheim sokneråd**  
**US - 010/24 Vedtak:**  
Innkallinga blei godkjend.

### **011/24 Godkjenning av referat frå førre møte.**

#### **Forslag til vedtak:**

Referat frå sist møte blei godkjent.

### **06.03.2024 Undheim sokneråd**

#### **US - 011/24 Vedtak:**

Referatet blei godkjent.

### **012/24 Meldingssaker**

#### **Forslag til vedtak:**

Meldingssakene blei tatt til orientering.

### **06.03.2024 Undheim sokneråd**

#### **Behandling:**

Påfyll får 3 samlingar fram til sommaren. Oda held desse saman med Mona.

UKUF skal ha fire samlingar fram til sommaren.

Roald Byberg skal vera prest i perioden frå april til juni.

#### **US - 012/24 Vedtak:**

Meldingssaken blei teken til orientering.

### **013/24 Vedtak om kva me gjer med overskotet i 2023**

Soknerådet vedtek å flytta overskotet frå 2023 over på disposisjonsfond.

### **06.03.2024 Undheim sokneråd**

#### **US - 013/24 Vedtak:**

Soknerådet vedtok å flytta overskotet frå 2023 over på disposisjonsfond.

### **014/24 Foreløpig årsmelding 2023**

#### **Forslag til vedtak:**

### **06.03.2024 Undheim sokneråd**

#### **US - 014/24 Vedtak:**

Forslaget til årsmelding frå soknerådet blei godkjend utan kommentarar.

### **015/24 Prestentasjon av soknerådet til Helgedagen**

## **06.03.2024 Undheim sokneråd**

### **US - 015/24 Vedtak:**

Kyrkja skal vera ein plass for alle. Alle skal kjenna at dei høyrer til. Det skal merkast at Gud er til stades. Visjonen vår er at me skal møta nye venner, søkja Gud og få del i oppdraget.

## **016/24 Plan for periode med vakante stillingar**

## **06.03.2024 Undheim sokneråd**

### **US - 016/24 Vedtak:**

Roald Byberg skal vera prest frå april til juni. Hanna Tveiten og Astri Eikeland tek tak i UKUF og skal ha fire samlingar fram til sommaren. Kyrkjekontoret må dekkja opp ein del av det som ligg til dagleg leiarstillinga. Viss det er oppgåver som folk kan tenka seg å gjera på frivillig basis, er det fint om ein tek kontakt med staben om dette.

## **017/24 Rekneskapsrapport for 2023**

Rekneskapsrapporten blei teken til orientering.

## **06.03.2024 Undheim sokneråd**

### **Behandling:**

Konto 1340 var litt over 40 000 for høg fordi det skulle vore ført på 1341.

### **US - 017/24 Vedtak:**

Rekneskapsrapporten blei teken til orientering.

## **018/24 Budsjett 2024**

## **06.03.2024 Undheim sokneråd**

### **US - 018/24 Vedtak:**

Budsjettforslaget blei vedteke med nokre endrigar som er lagt til i vedlagt dokument "Budsjett vedteke 06.03.2024".

## **019/24 Strategi og Kirka vår**

## **06.03.2024 Undheim sokneråd**

### **Behandling:**

Frode gjekk gjennom dei første stega i Kyrkja vår sitt strategiarbeid. Me gjekk gjennom litt av

kyrkja si historie, statistikk og kva som er kjerna i Den norske kyrkja sin strategi.

**US - 019/24 Vedtak:**

Rådet gjorde ikkje vedtak i saka.

**020/24 Revidering av diakoniplan Undheim sokn**

**Forslag til vedtak:**

**06.03.2024 Undheim sokneråd**

**Behandling:**

Det kan godt vera fleire frivillige med på å gå på besøk til dei som har åremålsdagar. Dette kunne me ha teke med i fordelinga av tenesteoppgåver.

**US - 020/24 Vedtak:**

Forslaget til diakoniplan blei godkjent med endringar:

Tiltaket som stod under "Grøn kyrkjelyd" blir flytta til "Bønearbeid".

Under "Kyrkjelydens prosjekt" kan det stå tydelegare kva som er vårt misjonsprosjekt.